

# Øygarden brann og redning IKS

Styret  
Møteprotokoll

## MEDLEM

Namn	Rolle	Reprenterer	Merknad
Per Rune Eikeseth	styreleiar	Sund kommune	Møtt
Olav Martin Vik	nestleiar	Øygarden kommune	Forfall
Silvia Haugland	medlem	Øygarden kommune	Forfall
Nina Glesnes	medlem	Sund kommune	Møtt
Elna Nybakk	medlem	Fjell kommune	Møtt
Sveinung Vethe	medlem	Fjell kommune	Møtt
Jørgen Kausland	medlem	Tilsette	Møtt
Eirik Monssen	observatør	Tilsette	Forfall


## VARAMEDLEM

Kari Fjeldstad	varamedlem	For Silvia Haugland	Møtt
Petter A. Rørvik	varamedlem	For Eirik Monssen	Ikkje møtt


## ANDRE

Bjørn Olav Paulsen	brann- og redningssjef
Nils Anders Mæland	varabrannsjef

**Dato:** 13.11.2018  
**Tid:** 1500 – 15:45  
**Stad:** *Kreisen, Ågotnes brannstasjon*


  
Per Rune Eikeseth  
styreleiar

  
Jørgen Kausland  
medlem

  
Elna Nybakk  
styremedlem

  
Kari Fjeldstad  
varamedlem

  
Nina Glesnes  
styremedlem

  
Sveinung Vethe  
styremedlem

Saker til behandling	
	Orienteringssaker
S47/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste møte 17.10.2018
S48/2018	Godkjenning av møteprotokoll 10.09.2018

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	13.11.2018	S47/2018	Bjørn Olav Paulsen
<b>Innkalling og saksliste for møte 13.11.2018</b>			
Trykte vedlegg: Ingen			

**Saka gjeld godkjenning av innkalling og saksliste for møte 13.11.2018.  
Brann- og redningssjefen rår styringsgruppa til å godkjenne innkalling og saksliste for møte 13.11.2018 slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

**Innstilling**

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

I møtet

Brann- og redningssjefen presiserte feil i saksnummer. Riktig nummer skal være S47/2018

**Vedtak**

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

13.11.2018

Bjørn Olav Paulsen (sign.)  
brann- og redningssjef

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	18.06.2018	S48/2018	Bjørn Olav Paulsen
<b>Uttale til sak 31/18 i Fjell formannskap - Øygarden brann og redning IKS - Finansiering av 110-sentral for 2018</b>			
Trykte vedlegg:	Vedtak i sak 31/2018 i Fjell formannskap Tabell over årlige kostnader per deltaker – Vest brann- og redningsregion		

Saka gjeld uttale til ei sak frå Fjell formannskap der Formannskapet i Fjell legg til grunn at Øygarden brann og redning IKS skal dekkeje delar av medlemskostand som Fjell kommune har fått for 110-sentralen for 2018. Formannskapet sin innstilling til kommunestyret i Fjell er at faktura på kr 1 008 160 skal dekkast av ØBR, men der kommunestyret i Fjell gjev eit ekstra tilskott for 2018 på kr 500 000. ØBR sin andel vert då kr 508 160.  
**Brann- og redningssjefen legg saka fram utan innstilling.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

#### **Innstilling**

Saka vert lagt fram utan innstilling

#### I møtet

Brann- og redningssjefen presiserte feil i saksnummer. Riktig nummer skal være S48/2018

Det vart i møtet tatt ein runde rundt bordet.

#### Oppsummering:

Tilbakemeldinga bør vere faktabasert, kortfatta og bidra til å få denne saka lagt død med best mulig utfall for vår del.

- Rapporten om VBR, våre vedtak og oversendingar til kommunane meiner styret er klare, ref f.eks. vedtaket i repskapet om budsjettbehandlinga i fjor.
- Kommunikasjon om dette har blitt tolka av styret som om dette var omforeint.
- Registrerer at Sund og Øygarden tar sine utgifter.
- I seinare repskapsmøte er det varsla at pga forseinka etablering av VBR kunne det bli slik at ØBR måtte ta ein del av rekninga frå 110 (til etableringstidspunktet).
- ØBR meiner å ha opplyst saka tilstrekkelig i sine organ og vedtak som er oversendt kommunane.
- Fondet vårt er tenkt å ta svingingar i den normale drifta, ikkje faste kostnader som 110-kostnaden er.
- Styret er samde om at summene kunne ha kome tydlegare fram i budsjettarbeidet hausten 2017.
- Styret ser det som uheldig at ØBR skal bruke av sitt driftsfond for å betale om lag halvparten av Fjell kommune sin andel – kr 508 160. Dette vil gjere selskapets evne til å ta svingingar i drifta klart dårlegare, og fondet vert redusert med om lag 40 %.

#### **Vedtak**

Det vert utarbeidd ei uttale får styret, som vert sendt til Fjell kommune

#### Samrøystes vedteken

